

## 7Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Grunnleggjande informasjon	Rapporteringseining	Nettstad	Rapporteringsdato	Rapporteringsperiode
	Ulstein Design & Solutions AS, org. nr. 926 738 461	<a href="https://ulstein.com/">https://ulstein.com/</a>	15.06.2026	01.01.2025 - 31.12.2025
<b>A1. Generell beskriving av verksemda sin struktur og aktivitetsområde</b>				
<b>Om Ulstein</b>				
<b>Seksjon A</b>  <b>Generell beskriving</b>	Eigarstruktur (% eigardel)	Ulstein Design & Solutions AS ("Ulstein") er eit aksjeselskap eigd av Ulstein Group ASA, som igjen er eigd av ca. 600 aksjonærar. Ulsmo AS eig i dag 64,2% av aksjane og dei 593 andre aksjonærane eig dei resterande 35,8% av aksjane. Ei fullstendig oversikt over dei, til ei kvar tid, største aksjonærane finst på <a href="https://proff.no/">https://proff.no/</a>		
	Forretningsområde og dotterselskap	<p>Ulstein og tilknytte selskap ("Ulstein Group") er organiserte i følgjande forretningsområde:</p> <p><b>Forretningsområdet Design &amp; Solutions:</b>                      Ulstein Design &amp; Solutions AS, Norge                      Ulstein Design &amp; Solutions BV, Nederland inkl. Ulstein Design &amp; Solutions BV og Ulstein Advanced Analysis                      Ulstein Power &amp; Control AS, Norge (sjå eigen rapport her <a href="#">Transparency Act / Openheitslova - Ulstein</a>)                      Ulstein Poland Ltd. Sp. Z.O.O., Polen                      Ulstein Marine Systems (Shanghai) Co. Ltd., Kina                      Ulstein Marine Equipment (Ningbo) Co. Ltd., Kina                      Ulstein Electrical Technology (Ningbo) Co. Ltd., Kina</p> <p><b>Forretningsområdet Shipbuilding:</b>                      Ulstein Verft AS, Norge (sjå eigen rapport her <a href="#">Transparency Act / Openheitslova - Ulstein</a>)                      Ulstein Elektro Installasjon AS, Norge (sjå eigen rapport her <a href="#">Transparency Act / Openheitslova - Ulstein</a>)</p> <p><b>Analyse og forskning:</b>                      Ulstein International AS, Norge                      Ulstein Digital AS, Norge</p> <p><b>Styring- og kontrollsystem:</b>                      Blue Ctrl AS, Norge</p>		
	Produkt/tenester	<p>Ulstein opererer i den maritime industrien og leverer eit breitt spekter av skipsdesign, utstyrspakkar og maritime løysingar over heile verda. Selskapet har hovudkontor i Ulsteinvik, Norge. Ulstein sin hovudmarknad er i Europa og Sørøst-Asia.</p> <p>Ulstein Group sin visjon er å skape morgondagens løysingar for berekraftige marine operasjonar.</p> <p>Ulstein si hovudverksemd er i Norge. Ulstein sine aktivitetar utgjorde 3% av Ulstein Group sine samla inntekter i 2025.</p>		
	<b>Ulsteins leverandørkjede</b>			
Direkteleverandørar (førsteledds leverandørar)	<p>Ulstein har 122 direkteleverandørar (Tier-1) i 9 land og 36 bransjar:</p> <p>a) Norge (86%), Kina (4%), Spania (2%), Tyskland (1%), Finland (1%), Storbritannia (1%), mens resterande 3 land (&lt;1%).</p> <p>b) Detalj- og engroshandel (16%), Finansielle og forsikringstenester (11%), Maskinar og utstyr (10%), Bilindustri (9%), Skipsbygging (4%), Elektronikk (4%), Kjemikalier (4%), Luftfart (4%), Metall og mineral (3%), Møblar (3%), Konstruksjon (2%), Samferdsel (2%), Transport og logistikk (1%), IT/programvare (1%), Ingeniørtenester (1%), Konsulenttenester (1%), og resterande 20 bransjar (&lt;1%).</p>			
Indirekte leverandørar (frå og med andre-ledds leverandørar)	<p>Ulstein har hittil identifisert ca. 588 indirekte leverandørar (Tier-N) i 36 land og 41 bransjar:</p> <p>(a) Tyskland (26%), Vietnam (23%), Norge (13%), India (4%), Sverige (3%), Belgia (3%), Thailand (2%), Finland (1%), Kina (1%), Sveits (1%), Nederland (1%), Polen (1%), Storbritannia (1%), Japan (1%), Singapore (1%), Hong Kong (1%), mens resterande 20 land (&lt;1%).</p> <p>(b) Bilindustri (13%), Detalj- og engroshandel (12%), Finans og forsikringstenester (10%), Maskinar og utstyr (7%), Elektronikk (6%), Kjemikalier (6%), Luftfart (5%), Metall og mineral (4%), Møblar (4%), Samferdsel (2%), Konstruksjon (2%), Plastikk, gummi (1%), Skipsbygging (1%), Transport og logistikk (1%), Medisinsk teknologi (1%), IT/programvare (1%), mens resterande 25 bransjar (&lt;1%).</p>			
<b>A2. Generell beskriving av retningslinjer og prosedyrar for handtering av faktiske og potensielle skadeverknader</b>				
Identifisering og vurdering av negative konsekvensar	<p>Ulstein respekterer internasjonalt anerkjende menneskerettar og arbeider for å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i våre verdikjeder. Vi støttar internasjonalt anerkjende menneske- og arbeidstakarrettar. Dette omfattar mellom anna Verdserklæringa om menneskerettar, FNs konvensjonar om</p>			

økonomiske, sosiale og kulturelle rettar samt om sivile og politiske rettar og ILOs kjernekonvensjonar om grunnleggande rettar og prinsipp i arbeidslivet. Vi støttar vidare OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap og den norske openheitslova. På denne bakgrunn har vi gjennomført systematiske aktsemdsvurderingar for å identifisere faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein si verksemd. I tillegg til manuelle og digitale rutinar og prosessar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar, nyttar vi eit digitalt system for gjennomføring av risikovurderingar og overvaking av moglege negative konsekvensar av vår verksemd og for å handtere eventuelle funn gjennom iverksetting av risikoreduserande og avbøtande tiltak i samsvar med openheitslova.

Ulstein Group sine etiske retningslinjer og rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar og oppfølging av vilkåra i openheitslova er vedtatt av konsernstyret og gjeld alle selskap i konsernet. Ansvar for den operasjonelle oppfølginga av openheitslova er tydeleg plassert i verksemda og det blir rapportert til styret minst ein gong per år. Dagleg leiar har det administrative ansvaret for oppfølging av openheitslova i Ulstein. Leiar for innkjøpsavdelinga har det overordna operasjonelle ansvaret for implementering og oppfølging av aktsemdsvurderingar i tråd med openheitslova, leiar for kommunikasjonsavdelinga har overordna operasjonelt ansvar for handtering av informasjonsførespurnader, og leiar for juridisk avdeling har det overordna operasjonelle ansvaret for utarbeiding av årlege rapportar etter openheitslova og rapportering til styret i Ulstein.

Aktsemdsvurderingane er risikobaserte i tråd med OECD sine retningslinjer og omfattar eiga verksemd, leverandørkjeda og relevante forretningspartnarar. Kartlegginga er gjennomført ved bruk av interne kontrollmekanismar, tredjepartsrevisjonar og eit digitalt system for risikovurdering og overvaking av leverandørkjeder, basert på både informasjon frå leverandørar og offentleg tilgjengelege kjelder. Dette inkluderer bruk av eksterne indeksar som World Justice Project (WJP), Rule of Law Index® og ITUC Global Rights Index for vurdering av geografisk og strukturell risiko.

Informasjonsinnhentinga inkluderer bl.a. risikofaktorar knytt til land og industri, og finansielle og miljømessige risikoaspekt knytt til dei aktuelle verksemdene sin aktivitet. Informasjonsinnhentinga omfattar 2025 og tek sikte på å identifisere alvorgrad og sannsynlegheit for faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som Ulstein anten har forårsaka eller bidrege til. Basert på ulike faktorar, som til dømes styringssystem, cyberrisiko, operasjonelle stressfaktorar, juridiske stressfaktorar, industriulukker, politisk uro, strategisk utvikling, økonomisk stress, CSR, humanitære kriser og arbeidskonfliktar, får kvar leverandør ein score frå 0 til 100, der 100 representerer ingen oppdaga eller forventa risiko, og 0 viser at kritisk risiko er oppdaga. Ulstein vurderer leverandørar med risikoscore lågare enn 65 som høgrisikoleverandørar. Den enkelte leverandør sin risikoscore blir samanhalde med Ulstein si moglegheit for innverknad på den relevante leverandøren, noko som vert vurdert, bl.a. på grunnlag av Ulstein sine årlege innkjøp sett i forhold til den aktuelle leverandørens totale årlege omsetnad. Val av leverandørar og iverksetting av eventuelle risikoreduserande- og/eller avbøtande tiltak blir gjort etter ei konkret vurdering av risikograd og prioritering basert på vår moglegheit for påverknad.

I kartlegginga av risiko knytt til grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold har vi mellom anna fokusert på følgjande kategoriar: personskade og alvorlege HMS-hendingar, manglande etterleving av arbeidstidsreglar, utilstrekkelege løns- og arbeidsvilkår, avgrensing av organisasjonsfridom og kollektive rettar, utnytting av barn, barnearbeid, diskriminering, tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, og leveløn.

Basert på risikokartlegginga er det gjort ei prioritering basert på alvorgrad og sannsynlegheit samt Ulstein si tilknytning til den aktuelle risikoen. Basert på dette er det gjort ei meir detaljert risikovurdering med utfall som angitt nedanfor.

Ulstein leverer skipsdesign, ingeniørtjenester og utstyrspakkar til maritime prosjekt og opererer gjennom globale leverandør- og samarbeidspartnarkjeder innan skipsbygging, marin teknologi og tilhøyrande industriar. Design- og ingeniørbransjen er vurdert å involvere låg risiko for faktisk og potensiell negativ innverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Ulstein har sikra ordna forhold og god kontroll i eiga verksemd, og kjøp av design- og ingeniørtjenester blir i all hovudsak gjort frå selskap i Ulstein Group.

Sjølv om Ulstein si verksemd i hovudsak er kunnskaps- og ingeniørbasert, er Ulstein sine aktivitetar tett knytte til globale produksjons- og leverandørkjeder gjennom sal av utstyrspakkar med eksponering mot fleire høgrisikobransjar og jurisdiksjonar. For Ulstein er den tenestespesifikke risikoen for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold såleis i all hovudsak indirekte og oppstår særleg gjennom leverandørkjeder, underleverandørar, produksjon av komponentar og samarbeid med verft, utstyrsleverandørar og teknologipartnarar.

Den samla analysen viser at Ulstein opererer i ein global og fragmentert verdikjede der risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i stor grad blir påverka av strukturelle forhold utanfor eigen direkte kontroll. Utviklinga internasjonalt peikar på ei svekking av rettsstat, redusert tilgang til rettsvern og avgrensingar i arbeidstakarrettar i eit aukande tal jurisdiksjonar. Dette aukar risikoen for brot på mellom anna organisasjonsfridom, kollektive rettar og forsvarlege arbeidsvilkår, særleg i leverandørkjeder som strekk seg over fleire land.

Den geografiske risikoen varierer betydeleg mellom jurisdiksjonar og er tett knytt til kor godt myndigheitene handhevar lover og reglar, nivået av korrupsjon og kor sterkt arbeidstakarrettane er verna. I enkelte land med svak rettsstat og avgrensa arbeidstakarvern er det identifisert auka risiko for diskriminering, tvangsarbeid, avgrensingar i organisasjonsfridom og manglande tilgang til effektive klagemekanisar. Størsteparten av Ulstein si direkte leverandørkjede er lokalisert i land med godt utvikla rettsvern og etablerte system for arbeidstakarrettar, som bidreg til å redusere risikoen i delar av verdikjeda. Tenestespesifikk risiko er knytt til manglande synlegheit og kontroll i leverandørkjeda, særleg i tidlege ledd som omfattar produksjon av råvarer og komponentar, særskilt stål, metall og elektroniske komponentar. Desse ledda er ofte geografisk spreidde og kan vere knytt til sektorar med kjend risiko for barnearbeid, tvangsarbeid, lønstjuveri og manglande leveløn, utilstrekkeleg HMS-vern og eksponering for skadelege stoff. Kompleksitet i kontraktsstrukturar og fleire underleverandørnivå aukar risikoen for at slike forhold ikkje blir avdekte.

Aktsemdsvurderingane omfattar også etterfølgande ledd, inkludert kundar og samarbeidspartar. Risikoen i desse ledda kan særleg vere knytt til brot på arbeidstakarrettar, manglande etterleving av menneskerettar og eksponering mot andre risikoar som korrupsjon, sanksjonar og kvitvasking. Vår analyse viser at dei mest vesentlege risikoområda for Ulstein er

		knytt til personskade og alvorlege HMS-hendingar, manglande etterleving av arbeidstidsreglar, utilstrekkelege løns- og arbeidsvilkår, avgrensing av organisasjonsfridom og kollektive rettar hos leverandørar samt risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting og barnarbeid i tidlege ledd av leverandørkjeda. Desse risikoområda er prioriterte basert på ein samla vurdering av alvorgrad og sannsynlegheit, og dannar grunnlaget for vidare oppfølging og risikoreducerande tiltak.	
	Implementering av eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte negative konsekvensar	<p>Eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte faktiske negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og kan typisk omfatte tiltak som å utarbeide og implementere korrigerande handlingsplanar, initiere leverandørsamarbeid og bransjesamarbeid. Dei aktuelle tiltaka vert valde ut frå ei kombinert vurdering av alvorgrad, eige bidrag og i kva grad vi har mogelegheit for å påverke faktisk utbetring av den aktuelle situasjonen.</p> <p>Eigna tiltak for å redusere vesentleg risiko og forhindre negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og vil typisk omfatte førebyggjande tiltak som avtalerettslege forpliktingar (plikt til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners"), risikobaserte kontrolltiltak (vurderingar, revisjonar, medieovervaking osv.) og kapasitetsbyggjande tiltak (opplæring, dilemmatrening, leverandørensengasjement osv.) basert på ei kombinert vurdering av sannsynlegheit for uheldige konsekvensar, leverandøren sitt eige bidrag og i kva grad Ulstein faktisk har reell mogelegheit for å påverke og iverksette avbøtande tiltak.</p>	
	Retningslinjer og rutinar	<p>Hovudprinsippa for å ivareta internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er innarbeidd i Ulstein Group sine etiske retningslinjer som er godkjent av styret i Ulstein Group ASA og gjeld for alle selskapa i konsernet. Ulstein Group sine retningslinjer og prosedyrar inkluderer mellom anna følgjande dokument:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etiske retningslinjer for Ulstein Group</li> <li>• Etiske retningslinjer for Ulstein Group sine forretningspartnarar</li> <li>• Retningslinjer om arbeidsgjevarar si plikt til å kontrollere løns- og arbeidsvilkår</li> <li>• HMS-reglar</li> <li>• Retningslinjer for varsling</li> <li>• Retningslinjer for gjennomføring av aktsemdvurderingar</li> </ul> <p>Ulstein Group sine retningslinjer og prosedyrar er implementert og blir jamleg oppdaterte for å sikre at prinsippa i dei etiske retningslinjene blir nytta og følgt opp internt i Ulstein samt overfor leverandørar og forretningspartnarar der det er relevant. Våre retningslinjer og rutinar er tilgjengeleg digitalt for våre tilsette og blir formidla til våre samarbeidspartar der dette er relevant. Det blir gitt opplæring til våre tilsette i relevante tema i tråd med Ulstein Group sitt Compliance-program. Alle Ulstein sine direkteleverandørar er forplikta til å følge "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" og implementere tilsvarende krav og forsvarlege prosedyrar for oppfølging av desse i si eiga leverandørkjede. Vidare har vi implementert konkrete tiltak for å sikre etterleving av krava i våre etiske retningslinjer. Dette inkluderer bl.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennom aktsemdvurderingar identifiserast risikoar som kan forårsake eller bidra til negative innverknader på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold gjennom Ulstein sine eigne aktivitetar og adressere slike konsekvensar når dei oppstår</li> <li>• Gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre at identifiserte risikoar materialiserer seg</li> <li>• Søke å avbøte negative innverknader for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er direkte knytte til Ulstein si verksemd eller som nokon av forretningspartnarane har bidratt til gjennom oppdrag for Ulstein</li> <li>• Vurdere, overvake og rapportere om framdrift og resultat</li> </ul> <p>Som medlem av UN Global Compact (UNGC) sidan 2013, rapporterer Ulstein Group årleg på UNGC sine ti prinsipp innan områda menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og anti-korrupsjon. Det blir også utarbeidd ein eigen ESG-rapport.</p>	
	Kanalar for openheit/varsling	<p>Vi oppmodar til openheit og legg til rette for både intern og ekstern varsling gjennom fleire kanalar:</p> <p><a href="mailto:etik@ulstein.com">etik@ulstein.com</a> og telefon +47 954 43 335 (24-timars service)</p> <p><a href="mailto:openheitslova@ulstein.com">openheitslova@ulstein.com</a> (<a href="https://ulstein.com/transparency-act">https://ulstein.com/transparency-act</a>)</p>	
<b>Seksjon B</b>	<b>B1. Informasjon om faktiske negative konsekvensar som er identifiserte</b>		
	Talet på faktiske identifiserte negative konsekvensar		
		Grunnleggjande menneskerettar	Anstendige arbeidsforhold
	Eiga verksemd	0	0
	Direkteleverandørar	0	0
Indirekte leverandørar	(3)*	(2)*	

<b>Beskriving av faktiske negative konsekvensar som er identifiserte</b>	
Eiga verksemd	Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd i rapporteringsperioden.
Direkteleverandørar	Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som direkte er knytt til Ulstein si forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandørar i rapporteringsperioden.
Indirekte leverandørar	<p>Gjennom kartlegginga av Ulstein sine 588 identifiserte indirekte leverandørar, er det identifisert 5 moglege avvik knytt til grunnleggande menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold. Dei identifiserte avvika er baserte på kartlegging av forhold i Ulstein si leverandørkjede og er ikkje stadfesta som faktiske negative konsekvensar som er direkte knytte til Ulstein si verksemd. Dei identifiserte avvika er registrert gjennom Ulstein sine norske direkteleverandørar, men gjeld forhold lenger nede i leverandørkjeder til store internasjonale selskap, spesifikt risiko for tvangsarbeid, overdriven bruk av overtid, ulukker og eksponering for giftige kjemikalier.</p> <p>* Det er førebels ikkje identifisert haldepunkt for at desse avvika er direkte knytt til Ulstein si forretningsverksemd, produkt eller tenester, men kartleggingsarbeidet held fram. Det er imidlertid ei generell og vesentleg utfordring ved denne typen kartlegging å kunne verifisere slik tilknytning, ettersom funna byggjer på tredjepartsinformasjon, og avvika i all hovudsak gjeld forhold langt nede i komplekse, internasjonale leverandørkjeder knytt til produksjon av store, avanserte system og utstyrskomponentar.</p> <p>Med det omfang av indirekte leverandørar som er i Ulstein si leverandørkjede og talet på varsel knytt til risiko for negative konsekvensar, er vi bevisste på at dette kan gi eit urealistisk bilete av den reelle situasjonen, og at sjansen er stor for fleire faktiske negative konsekvensar hos våre indirekte leverandørar som per i dag ikkje er identifisert. Ulstein arbeider med å stadig få betre oversikt over dette og oppfølging av relevante leverandørar, samt styrking av arbeidet med ansvarleg innkjøp og val av leverandørar på tvers av heile leverandørnettverket.</p>

<b>B2. Informasjon om vesentleg risiko for negative konsekvensar som er identifiserte</b>	
Eiga verksemd	<p>Ulstein har etablerte rutinar, retningslinjer og kontrollmekanisar for å sikre etterleving av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd.</p> <p>Det er identifisert ibuande vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til arbeidsmiljøforhold, herunder mobbing og trakassering samt risiko for overdriven bruk av overtid som følgje av stramme prosjektfristar med betydelege økonomiske konsekvensar ved forseinka leveransar.</p>
Direkteleverandørar	<p>Analysen av Ulstein sine direkteleverandørar viser at dei mest vesentlege risikoområda er knytt til brot på grunnleggande arbeidstakarrettar og krav til anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda. Dette omfattar særleg risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, diskriminering, manglande etterleving av krav til løns- og arbeidsvilkår samt utilstrekkeleg helse-, miljø og sikkerheitsarbeid.</p> <p>Risikoen er særleg knytt til leverandørar i bransjar med høg operasjonell risiko, som skipsbygging, konstruksjon, transport og logistikk, maskinar og utstyr samt metall og mineral. I tillegg er det identifisert risiko knytt til avgrensa organisasjonsfridom og rett til kollektive forhandlingar i enkelte jurisdiksjonar, særleg i land med svak rettsstat og redusert arbeidstakarvern, som Kina og Polen.</p> <p>Vidare omfattar risikoen forhold som overdriven bruk av overtid, mangelfull timeregistrering og utilstrekkelege verne- og tryggingmekanisar for arbeidstakarar også i land med generelt godt rettsvern, som til dømes Norge og Nederland. I tillegg viser våre analysar auka risiko for arbeidsulukker og -skadar, samt industrielle dødsfall. Det er vidare identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til overvaking og personvern.</p> <p>Ulstein vil halde fram med å prioritere oppfølging av desse risikoområda basert på ein kombinasjon av alvorsgrad og sannsynlegheit, og sikre at våre leverandørar etterlever gjeldande krav til menneskerettar og arbeidstakarrettar.</p>
Indirekte leverandørar	<p>Analysane av Ulstein sine identifiserte indirekte leverandørar i 36 land og 42 bransjar har avdekt eit betydeleg tal varsel om potensiell risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Analysane byggjer på identifiserte varsel, indikatorar og kartlagde forhold i Ulstein si leverandørkjede, og omfattar vesentleg risiko for negative konsekvensar, uavhengig av om desse er stadfesta som faktiske forhold. Det blir gjort kontinuerlege vurderingar om Ulstein er direkte involvert eller har påverknad der dei mest alvorlege og kritiske varslingane om risiko og negative konsekvensar er identifisert. Analysane for 2025 viser at vesentleg risiko i verdikjeda i hovudsak oppstår i ledd lenger ned i leverandørkjeda, der synlegheit og påverknad er meir avgrensa.</p> <p>Identifiserte risikoområde samsvarar med dei overordna funna som er gjort greie for i A2 og er særleg knytt til risiko for tvangsarbeid, gjeldsbinding og annan arbeidsrelatert utnytting, manglande etterleving av krav til løns- og arbeidsvilkår, barnarbeid i tidlege ledd av verdikjeda samt alvorlege HMS-relaterte hendingar, inkludert ulykker, skade og eksponering for skadelege stoff.</p> <p>Geografisk er risikoen særleg knytt til leverandørkjeder som involverer jurisdiksjonar med svak rettsstat, avgrensa arbeidstakarrettar og manglande effektiv handheving av regelverk. Samstundes viser analysen at risiko også kan oppstå i høgrisikobrandsjar i land med etablert rettsvern, særleg knytt til arbeidsmiljø og arbeidsvilkår.</p>

	<p>I rapporteringsperioden er det kome 14 varslar knytt til vesentleg risiko for negative konsekvensar for menneskerettar og 6 knytt til vesentleg risiko for negative konsekvensar for anstendige arbeidsforhold. Varsla er registrerte gjennom Ulstein sine norske direkteleverandørar, men gjeld forhold hos indirekte leverandørar fleire ledd nede i internasjonale leverandørkjeder. Omfanget av leverandørkjeda og talet på identifiserte varsel indikerer at risikoen er strukturell, og at det er sannsynleg at ytterlegare negative konsekvensar kan vere til stades utan å vere identifiserte.</p> <p>Som i analysen av direkteleverandørar, viser vurderingane at bransjerisikoen blant indirekte leverandørar er særleg høg innan sektorane skipsbygging, konstruksjon, maskinar og utstyr, transport og logistikk, i tillegg til kjemikaliar, og IT og programvare. Det er uklart kor vidt desse potensielle tilfella er direkte knytt til Ulstein si forretningsverksemd, produkt eller tenester, men kartleggingsarbeidet held fram. Eigna oppfølgingstiltak vil bli vurdert i tråd med Ulstein sine retningslinjer.</p> <p>Ulstein vil arbeide vidare med kartlegging, prioritering og oppfølging av risiko i dei mest utsette delane av leverandørkjeda, med særleg fokus på dei risikoområda som er identifiserte som mest vesentlege.</p>
--	---

**C1. Tiltak som er planlagt/sett i verk for å stanse faktiske negative konsekvensar**

Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemd	Leverandørar
Informasjon frå leverandør	Etterspørje informasjon om faktiske negative konsekvensar og status for utbetring	N/A	N/A
Korrigerande handlingsplan	Korrigerande handlingsplan	N/A	N/A
Interessentengasjement	Engasjement og dialog med relevante interessentar	N/A	N/A
Leverandørensengasjement	Gjennomføring av arbeidarundersøkingar, etablering av klagemekanismar	N/A	N/A
Bransjesamarbeid	Samarbeid med bransjekolleagaer for felles utbetring med auka påverknad	N/A	N/A
Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	N/A	N/A
Dilemmatrening	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leiding for bevisstgjerjing	N/A	N/A

Beskriving av resultat eller forventa resultat

I løpet av 2025 har Ulstein gjort framsteg i å forbetre oversikta over negative konsekvensar knytt til den direkte leverandørkjeda. Dette har gitt oss betre grunnlag for å kunne identifisere faktiske negative konsekvensar i store delar av den indirekte (Tier-N) leverandørkjeda vår. Basert på varsel frå vårt digitale system for risikovurdering og overvaking knytt til moglege faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede, har vi etterspurt konkret informasjon frå fleire direkteleverandørar for å kunne vurdere om aktuelle funn er direkte knytt til Ulstein si verksemd.

Eksempel på tiltak som er gjennomført:

- Leverandørensengasjement
- Internvurderingar

Ulstein vil fortsette å arbeide aktivt med å identifisere og iverksette tiltak for å stanse eller avgrense faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede.

**C2. Tiltak planlagt/sett i verk for å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar**

Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemd	Leverandørar
Etiske retningslinjer	Skriftleg forplikting til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer	Ja	Ja
Vurdering av modenheit	Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer	Ja	Ja
Eigenvurdering	Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar	Ja	Ja
Medieovervaking	Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens	Ja	Ja
Opplæring	Gjennomføring av opplæring for arbeidarar og/eller leiding for bevisstgjerjing	Ja	Nei
Interessentengasjement	Engasjement og dialog med berørte interessentar	Ja	Ja
Leverandørensengasjement	Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren	Ja	Nei
Skrivebordsrevisjon	Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetringstiltak	Ja	Ja
Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	Ja	Ja

Seksjon C  
Tiltak

## Beskriving av resultat eller forventa resultat

Eiga verksemd

Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulstein sine reglar og retningslinjer oppretthalde, og tilsette får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein tar arbeidet med dette på alvor.

Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein blir varsla dersom det skulle førekomme brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av egne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede.

Som førebyggjande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein opptrer i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjerjing innan tema som arbeidstakarrettar, mobbing og trakassering, diskriminering, varsling, HMS og anti-korrupsjon.

Direkteleverandørar

Fleire førebyggjande tiltak er sett i verk for å redusere risikoen for negative konsekvensar i Ulstein si leverandørkjede. Det blir gjennomført adekvate aktsemdvurderingar av alle relevante leverandørar, som står i forhold til identifisert risiko og Ulstein si mogelegheit for påverknad.

Frå 2023 til 2026 har vi også styrka samarbeidet med Prewave, ein global plattform for leverandørkjedeintelligens, for å betre overvakinga og risikovurderingane av leverandørane våre. Dette inkluderer:

- Sjølvstendige vurderingar og due-diligence spørjeskjema for å sikre at leverandørane våre oppfyller standardane våre for menneskerettar og arbeidsforhold.
- Gjennomgangar av hendingar for å raskt identifisere og respondere på vesentlege risikoar for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulstein si leverandørkjede.
- Regelmessige oppdateringar og opplæring for leverandørane våre for å sikre kontinuerleg etterleving av våre etiske retningslinjer.
- Analysar av den totale direkte leverandørkjeda, og delar av den mest risikoutsette delen av dei påfølgjande indirekte leverandørane.

Desse tiltaka er ein del av den kontinuerlege innsatsen for å sikre at Ulstein og våre leverandørar opererer i tråd med gjeldande standardar for etikk og samfunnsansvar.

Alle direkteleverandørar i Ulstein må forplikte seg til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" der det mellom anna blir stilt klare krav til å sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i våre leverandørkjeder. Vi ser til at prinsippa i dei etiske retningslinjene våre vert overhaldne gjennom bl.a. overvaking gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking.

Nye direkteleverandørar er forplikta til å fylle ut dedikerte spørjeskjema med eigenvurdering av bl.a. retningslinjer og sertifiseringar. Dei fleste av Ulstein sine direkteleverandørar har fullført slike spørjeskjema og relevant informasjon om alle større direkteleverandørar er lagt inn i vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, noko som resulterer i betre kartlegging framover.

Indirekte-leverandørar

For forhold i den indirekte leverandørkjeda vil Ulstein si oppfølging i all hovudsak skje gjennom våre direkteleverandørar, då vår direkte påverknad er avgrensa, og prioriteringar av tiltak blir difor baserte på vår moglegheit til å utøve reell påverknad. For å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos indirekte leverandørar, stiller Ulstein klare krav i kontraktar med sine direkteleverandørar om å sikre dette også i sine respektive leverandørkjeder. Gjennom overvaking av Ulstein sine indirekte leverandørar gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvaking, får vi varsel om negative hendingar hos identifiserte indirekte leverandørar som blir formidla til og fylgt opp mot den ansvarlege direkteleverandøren.

## Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

### Signatur

Vi står ved vår plikt til å respektere internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og vi vil halde fram med å arbeide systematisk saman med våre tilsette, leverandørar og forretningspartnarar for å identifisere, forhindre og/eller avbøte faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein si verksemd som beskrive ovanfor.

Denne årlege rapporten er utgitt av og signert av styret og dagleg leiar i Ulstein og er tilgjengeleg på Ulstein Group si nettside ([Transparency Act / Openheitslova - Ulstein](#)).

<p>Gunvor Ulstein Styreleiar</p> <p><i>Ulstein, Gunvor</i></p>	<p>Digitally signed by Ulstein, Gunvor Date: 2026-06-25 12:09:37+02:00</p>	<p>Tore Ulstein Nestleiar i styret</p> <p><i>Ulstein, Tore</i></p>	<p>Digitalt signert av Ulstein, Tore Dato: 2026-06-25 09:01:26+02:00</p>
<p>Hans Petter Hildre Styremedlem</p> <p><i>Hildre, Hans Petter</i></p>	<p>Digitally signed by Hildre, Hans Petter Date: 2026-06-25 07:36:56+02:00</p>	<p>Geir-Magne Indregård Styremedlem</p> <p><i>Indregård, Geir Magne</i></p>	<p>Digitally signed by Indregård, Geir Magne Date: 2026-06-25 17:40:47+02:00</p>
<p>Runar Inge Muren Dagleg Leiar</p> <p><i>Muren, Runar Inge</i></p>	<p>Digitally signed by Muren, Runar Inge Date: 2026-06-25 21:40:30+02:00</p>		